



Vår saksbehandlar:
Elisabeth Gjerde

Sak nr D218/17
Direkte telefonnr.:
53423154

Vår dato:
05.04.2017
Dykkar dato:

Vår referanse:
2017/199-8227/2017
Dykkar referanse:

Per Arne Legøy
Skjenaberg 5
5430 Bremnes

MELDING OM VEDTAK OG KLAGERETT - LØYVE TIL OPPRETNING AV TRE FRITIDSEIGEDOMAR OG DISPENSASJON TIL FRAMTIDIG VEG 144/11 AGA

Me viser til din søknad mottatt 09.02.2017 om oppretting av tre nye grunneigedomar på gnr.144., bnr.11 på Aga.

I samsvar med Bømlo kommune sitt delegasjonsreglement har rådmannen gjort følgjande

ADMINISTRATIVT VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå §§ 1-8 og 11-6 til å oppretta framtidig vegtilkomst frå kommunal veg og fram til dei to tomtane A og B.

Dispensasjon vert gjeve med følgjande grunngjeving:

- Vegen er allereie delvis opparbeida.
- Det er snakk om ei mindre lengde på om lag 42 m.
- Vegen vert liggjande fint i terrenget og lite synleg frå sjøsida.
- Området er delvis bygd ut med veg og eksisterande fritidsbustad ved sjøen. Vegen vil difor ikkje privatisere området ytterlegare enn slik det er frå før.
- Det er ingen kjende registreringar i høve til kulturminne og naturtypar/artar i konflikt med vegen.
- Det vil vera av stor fordel for eigarane å kunne få vegtilkomst fram til tomtane
- Offentlege høyringspartar har ingen merknader i saka.

I medhald av plan- og bygningslova §20-2 b, jamfør §20-4 d, §26-1, §27-1, §27-2 og §27-4 vert det gjeve løyve til oppretting av tre nye fritidsbustadtomtar, tomt A, B og C på gnr. 144, bnr.11, av Aga. Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

1. Oppretting av den nye grunneigedomen skal skje i samsvar med vedlagte kartutsnitt datert Bømlo kommune 05.04.17.
2. Tomt A skal ha ein storleik på om lag 1525 m². Tomt B skal ha ein storleik på om lag 1950 m² og tomt C (tomt 9 i reg.plan) skal ha ein storleik på om lag 1080 m².
3. Før fritidsbustad på tomt C kan takast i bruk må Veg1, Veg2 og Veg3 i reguleringsplan 200905, samt parkeringsplassar i tilknyting til desse vere bygd.

Krysset og avkøyrsla skal opparbeidast etter vegnormal 017 med siktsoner, før nye einingar kan takast i bruk.

4. Tomt A og tomt B har avkøyring til kommunal veg. Avkøyring skal skje etter gjeldande reglar. I samband med byggjemelding av tiltak på tomta skal det liggja føre godkjent prinsippskisse for utforming av avkøyrsla til kommunal veg.
5. Utslepp frå tomt A og B må skje i samsvar med godkjende avlaupsløysingar i Bømlo kommune. Det må søkjast om utsleppsløyve for framtidig bygg i samband med søknad om byggjeløyve på tomta.
6. Før det kan gjevast byggjeløyve på tomt C, må hytteområdet vere tilknytt godkjent vass- og avlaupsanlegg. VA- anlegga skal godkjennast av BVA i samband med byggjemeldinga av dei tekniske anlegga.
7. Eigar må sjå til at avtalar om rett til biloppstillingsplass, veg, vass-, og avlaupsleidning over annan eigedom vert tinglest. Det same gjeld rett til å bruka eksisterande anlegg.
8. Kart- og oppmålingsforretninga må utførast i samsvar med matrikkellova sine føresegner. Denne kan ikkje utførast før gebyr for sakshandsaming er betalt.

AVKØYRSLELØYVE:

I medhald av veglova §§40 - 43 vert det gjeve løyve til ny avkøyrsla/utvida bruk av avkøyrsla frå kommunal veg til gnr.144 bnr.11, Aga. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Avkøyrsla skal vere bygd slik at trafikkisikring for alle som ferdast langs vegen er ivarettatt.
2. Tilpassing til veg og evt. fortau skal gjerast på eigen eigedom. Tilpassing skal gjerast slik at vegen sin tekniske standard og funksjon vert oppretthalde.
3. Avkøyrsla skal utformast i samsvar med vedlagde prinsipp for avkøyrslar. Dersom det vert naudsynt, må søkjar sjølv skaffe seg avtale/rett til arbeide på annan manns grunn.
4. Avkøyrsla må opparbeidast innan 3 år, elles fell løyvet vekk.

Merknader:

1. Løyvet er gyldig i tre år, jamfør plan- og bygningslova §21-9. Oppmålingsforretning må difor haldast innan 05.04.2020, elles fell løyvet bort.
2. Ved utbygging av tomta skal til ei kvar tid gjeldande føresegner følgjast.
3. Ved framtidig bygging på tomta må det vera tilfredstillande tilkomst til sløkkjevatn i området, brannkum, sjø eller open vasskjelde.
4. Dersom offentleg avlaupsleidning framtidig går over eigedomen eller i veg tilstøytande den, eller over nærliggjande areal, kan kommunen krevja at bygning som ligg på eigdommen tilknyttast avlaupsleidningen, jfr. plan- og bygningslova §27-2.

Vår gjennomgang og vurdering av søknaden din:

Eigar: Per Arne Legøy
Kjøpar: Ellen Stølen
Irene Stølen
Vegar Aanderaa Legøy

Dokument i saka:

1. Søknadsskjema m/vedlegg mottatt 09.02.17..
2. Brev om manglar i søknaden, datert 15.02.17.
3. Mottatt nabovarsel den 06.03.17.
4. Høyringsbrev, datert 07.03.17.

Nabovarsel:

Naboar er varsla på korrekt måte. Det ligg ikkje føre merknader.

Status i kommuneplanen sin arealdel, tomt A og tomt B:

Eigedomen ligg i område som i arealdelen til kommuneplanen er godkjent for fritidsbustader. Frådelinga er vurdert til å vera i samsvar med planen.

Status i gjeldande reguleringsplan, tomt C:

Eigedomen ligg innfor reguleringsplan 200905, Aga og er regulert til fritidsbustadføre mål.

Tilkomst og parkering:

Ved oppretting av byggjetomt seier plan- og bygningslova at tomte skal vera sikra lovleg tilkomst til veg som er open for alminneleg ferdsel. Partane må difor sjå til at avtale om veg over annan manns eigedom vert tinglest. Det same gjeld rett til å nytta eksisterande anlegg. Det er viktig av avtalane sikrar tilkomst heilt fram til naudsynt avkjøringspunkt.

Den nye eigedomen A og B får tilkomst frå:

Kommunal veg og avkøyrsløyve er gjeve av kommunen. Avkøyrsløse frå kommunal veg må skje slik som vist på vedlagt kartskisse. Utforming av avkøyrsla må vera godkjent av kommunen i samband med byggjesøknad.

Regulert veg og parkering for tomt C vert føresett opparbeida etter reguleringsplan 200905.

Vatn/avløp:

Eigar må sjølv ta kontakt med BVA AS for påvising av tilkoplingspunkt til vassleidning.

Ved oppretting av byggjetomt seier Plan- og bygningslova at tomte skal vera sikra avløp og vassforsyning. Tomte må vera sikra rett til å leggja ned leidning over annan manns grunn og fram til naudsynt tilknytingsstad. Eigar må difor sjå til at avtalar om vatn - og avløpsleidning over annan manns eigedom vert tinglest. Det same gjeld rett til å nytta eksisterande anlegg. Det er viktig av avtalane sikrar tilkomst heilt fram til naudsynt avkjøringspunkt/tilknytingspunkt/utsleppstad.

Utslepp frå tomt A og B må skje i samsvar med "Lokal forskrift for mindre utslepp av sanitært avløpsvatn", stadfesta av kommunestyret den 06.10.08. Kva avløpsløyse som skal nyttast må vera avklart i samband med byggjemelding på parsellen. Søknad om utsleppsløyve må difor følgja byggjemeldinga.

Utslepp frå tomt C må skje i samsvar med utarbeiding av va-plan for reguleringsplanen.

Vidare gjer me merksam på at det ikkje kan førast opp bygning på tomta utan at denne er sikra tilstrekkeleg sløkkjevatn. Der dette ikkje kan løysast tilfredsstillande på vanleg måte, må utbyggjar kunna pårekna å bera meirkostnadane ei slik tilrettelegging vil kunna medføre.

Landbruk:

Tilhøvet til landbruk er avklara då eigedomen er regulert til utbyggingsføremål.

Temakart for bevaringsverdiar friluftsliv, sjøbruksmiljø og badeplassar:

Temakartet for bevaringsverdiar, utarbeida i 2003, viser ingen kjende friluftsområde, sjøbruksmiljø eller badeplassar.

Kulturminne:

I høve til riksantikvaren sin kulturminnedatabase/SEFRAK så er det pr. 05.04.2017 ingen kjende registreringar på tomta. Alle byggjeområde er likevel underlagt undersøkingsplikt etter kulturminnelova. Tiltakshavar har aktsemd- og meldeplikt. Dvs. at arbeidet skal stoppast og kulturminnemynde varslast dersom tiltakshavar oppdagar gjenstandar eller spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet.

Naturmangfaldslova:

I høve til naturbase og artskart er det, pr. 05.04.2017 ingen registreringar av prioriterte artar, trua eller nær trua artar. Det er heller ingen registrerte naturtypar i området. Dermed er det ikkje påvist mulige effektar av tiltaket på naturmangfaldet. Vilkår i § 8 om at kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter er i denne saka oppfylt. Dersom det er registreringar i området skal prinsippa i §§ 8-12 fylgjast.

Bygging:

Søknad om byggjetiltak skal sendast inn etter gjeldande føresegner. Bygging på tomtane skal vere i samsvar med kommuneplan m/føresegner og reguleringsplan m/føresegner og tilpassast tomta og omgjevnaden.

Kommunen si vurdering:

I plan- og bygningslova §11-6/§12-4 står det at kommuneplanen sin arealdel/gjeldande reguleringsplan fastset framtidig arealbruk for området. Det er søkt om oppretting av 3 nye grunneigedomar som skal nyttast til fritidsbustadføremål.

Som det går fram av ovannemnde planstatus vil opprettinga av dei nye tomtane vera i samsvar med gjeldande arealplan.

Når det gjeld framtidig vegframføring til tomt A og B så vil bygging av veg krevje dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og frå byggjeforbodet i 100-meters beltet langs sjø, jamfør plan- og bygningslova §1-8.

Etter § 19-2 i plan- og bygningslova kan kommunen gje varig eller mellombels dispensasjon frå føresegner fastsett i eller i medhald av lova. Det kan setjast vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegna det vert dispensert i frå, eller omsyna i lovas føremålsføresegna, vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene etter ein samla vurdering. Ved vurderinga av om det skal gjevast dispensasjon frå planar skal statlege og regionale rammer og mål leggjast særleg vekt på.

Etter ordlyden i lova er det såleis ikkje kurant å få dispensasjon. Kommuneplanen er eit resultat av ein omfattande politisk planprosess der offentlege og private, ulike interesse-organisasjonar og andre med særlege interesser har hatt høve til å ta del.

Søknaden krev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel. Dette tyder at omsyna til LNF-føremålet, jfr. §11-7 nr.5a ikkje kan setjast vesentleg til side ved utføring av tiltak. LNF-føremålet skal sikre dei store «grøne» områda i kommunen vår. Området der vegen vil liggje er delvis opparbeida frå før. Tiltaket er lite og råkar ingen ålmenne interesser.

Etter ein reell og konkret vurdering av søknaden din finn me at vilkåra for å kunne gje dispensasjon ligg føre.

Gebyr:

Gebyret vert fastsett etter gjeldande regulativ. Faktura vil bli tilsendt frå vår økonomiavdeling. Me vil gjere deg merksam på at det i tillegg vil tilkoma kart- og oppmålingsgebyr, samt tinglysingsgebyr m.m. Nærare informasjon om saksbehandling, gebyr m.m. er å finna på www.Bømlo.kommune.no

Klagerett:

Informasjon og vegleiing om klagerett finn du på vedlagte skjema.

Vedlegg:

Kartutsnitt datert Bømlo kommune 05.04.2017.

Med helsing
Bømlo kommune

Elisabeth Gjerde

Avd. ingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Kopi til:

Ellen Stølen	Aslaksbrekko 24	5416	Stord
Irene Stølen	Åsehagen 3	4321	Sandnes
Vegar Aanderaa Legøy	Raunevegen 52	5430	Bremnes
FYLKESMANNEN I HORDALAND	Postboks 7310	5020	BERGEN

Sendar Bømlo Kommune Arealbruk 5430 Bremnes		Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova §27 3.ledd)
Klageinstans: Fylkesmannen i Hordaland, justisavdelinga		Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom du vil klaga på vedtaket du no er gjort kjend med
Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket	
Kven kan du klage til?	Klage sender du til Bømlo Kommune. Dersom ikkje vedtaket vårt vert endra som følgje av klagen, sender me klaga over til fylkesmannen i Hordaland.	
Klagefrist	Klagefristen er tre veker frå den dag dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom du klagar så seint at det kan vera uklart for oss om du har klaga i rett tid, bør du opplyse om datoen for når du fekk dette brevet. Dersom du klagar for seint, kan me sjå bort frå klagen. De kan søkje om å få lengre klagefrist. Dette må då grunngjevast.	
Innhald i klagen	De må opplyse om kva for eit vedtak du klagar på, grunn til at du klagar, dei endringane du ynskjer og eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vår vurdering av klagen. Klagen må vera underskriven.	
Utsetting av gjennomføringa av vedtaket	Sjølv om du har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast i verk med det same. Men du kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.	
Rett til å sjå dokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unntak har du rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §18 og §19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss. De vil då få nærare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåte og om reglane for saksgongen.	
Kostnadane med klagesaka	Det er høve til å krevja dekking for ekstra kostnader i samband med klagesaka, til dømes til advokathjelp. Dersom vedtaket vert endra til din fordel, kan du ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen vil om naudsynt gjera deg merksam på retten til å krevja slik dekking av sakskostnader. Eventuelt krav om dekking av sakskostnader må vera fremja innan tre veker etter at det nye vedtaket vart gjort kjent for deg.	
Klage til sivilombodsmannen	Dersom du meiner at du har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan du klage til stortingsombodet for forvaltninga (sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har behandla saka, og om dei har gjort feil elle forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom du får klaga di avgjort i statsråd fordi Kongen er i statsråd, kan du såleis ikkje seinare føre saka inn for sivilombodsmannen.	
Særlege opplysningar		

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-4 og SAK kap. 3

BØMLO KOMMUNE
Sentralarkiv

J.nr.: 2017/199 Arkiv: 585

09 FEB. 2017

Saksbeh: EGG Kopi

Blir det søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova, forskrift eller arealplan? ☐ Ja ☒ NeiEr det behov for løyve/samtykke/uttale frå anna myndigheit? ☐ Ja ☒ Nei

Dersom ja, er ikkje vilkåra oppfylte for 3 veker saksbehandling, jf. pbl § 21-7 tredje ledd

Nabovarsling, jf. pbl 21-3, skal vere gjennomført før søknaden blir sendt til kommunen. (Blankett 5154, 5155, 5156).

Ligg det føre merknader frå naboar eller gjenbuarar? ☐ Ja ☒ Nei

Dersom nei på alle spørsmåla over, er løyve å sjå på som gitt tre veker etter at fullstendig søknad er motteken i kommunen

Opplysningar gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrerte i matrikkelen.

Søknaden gjeld

Eigedom/ byggjestad	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune
	144	11					
Tiltaket si art	Adresse						
	Postnr. Poststad						
	Mindre tiltak til bebyggelse, pbl § 20-4 og SAK kap. 3						
	☐ Tilbygg < 50 m ² ☐ Frittliggende bygning (ikkje bustadformål) < 70 m ² ☐ Skilt/reklame (SAK10 § 3-1 d) ☐ Driftsbygning i landbruket med samla bruksareal (BRA) mindre enn 1000 m ² , jf. pbl § 20-4 bokstav b) og SAK10 § 3-2 ☐ Mellombels bygning/konstruksjon/anlegg (som ikkje skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 år) ☐ Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining ☐ Riving av tiltak som nemnt i SAK10 § 3-1						
	☒ Oppretting/ending av matrikkeleining ☐ Grunn-eigedom ☐ Anleggs-eigedom ☐ Festegrund over 10 år ☐ Arealoverføring ☐ Anna:						
Planlagt bruk/formål		Beskriv					

Arealdisponering

Planstatus mv.	Set kryss for gjeldande plan						
	☒ Arealdel av kommuneplan ☒ Reguleringsplan ☐ Utbyggingsplan						
Areal	Namn på plan						
	Planid: 200905						
Grad av utnytting	BYA eksisterande	BYA nytt	Sum BYA	BRA eksisterande	BRA nytt	Sum BRA	Tomteareal
	Vis berekning av grad av utnytting. Rettledning finst på www.dibk.no eller kontakt kommunen						

Plassering


Plassering av tiltaket	Kan høgspent kraftlinje vere i konflikt med tiltaket? ☐ Ja ☒ Nei		Vedlegg nr. Q -
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert		
Avstand	Kan vass- og avløpsleidningar vere i konflikt med tiltaket? ☐ Ja ☒ Nei		Vedlegg nr. Q -
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert		
Avstand	Minste avstand til nabogrense		m
	Minste avstand til anna bygning		m
	Minste avstand til midten av veg		m

Dette skal visast på situasjonsplanen

Krav til byggjegrunn (pbl § 28-1)		
Flaum (TEK10 § 7-2)	Skal byggverket plasserast i flaumutsett område? ☒ Nei ☐ Ja	Vedlegg nr.
Skred (TEK10 § 7-3)	Skal byggverket plasserast i skredutsett område? ☒ Nei ☐ Ja	Vedlegg nr.
Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)	Ligg det føre vesentleg ulempe som følgje av natur- og miljøforhold? ☒ Nei ☐ Ja Dersom ja, beskriv kompensierende tiltak i vedlegg	Vedlegg nr.

Tilknytning til veg og leidningsnett			
Tilkomst veglova §§ 40-43 pbl § 27-4	Gir tiltaket ny/endra tilkomst ☐ Ja ☒ Nei	Tomta har tilkomst til følgjande veg som er opparbeidd og open for alminneleg ferdsel: ☒ Riksveg/fylkesveg Er avkøyringsløyve gitt? ☒ Ja ☐ Nei ☒ Kommunal veg Er avkøyringsløyve gitt? ☒ Ja ☐ Nei ☐ Privat veg Er vegrett sikra ved tinglyst erklæring? ☐ Ja ☐ Nei	
Overvatn	Takvatn/overvatn blir ført til: ☐ Avløpssystem ☐ Terreng		
<i>Felta "Vassforsyning" og "Avløp" skal berre fyllast ut for driftsbygning i landbruket, mellombels tiltak eller oppretting av matrikkeleining.</i>			
Vass-forsyning pbl §§ 27-1, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta ☒ Offentleg vassverk ☐ Privat vassverk* * Beskriv ☐ Anna privat vassforsyning, innlagt vatn* ☐ Anna privat vassforsyning, ikkje innlagt vatn* Dersom vassstilførsel føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? ☐ Ja ☒ Nei		Vedlegg nr. Q –
Avløp pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta ☐ Offentleg avløpsanlegg ☒ Privat avløpsanlegg Skal det installerast vassklosett? ☒ Ja ☐ Nei Ligg det føre utsleppsløyve? ☐ Ja ☒ Nei Dersom avløpsanlegg føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? ☐ Ja ☐ Nei		Vedlegg nr. Q –

Vedlegg			
Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå – til	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknader/innvilga dispensasjon	B	–	☐
Kvittering for nabovarsel/Opplysningar gitt i nabovarsel/nabomerknader/kommentarar til nabomerknader	C	–	☐
Situasjonsplan/avkøyringsplan	D	1 – 3	☐
Teikningar plan, snitt, fasade (eksisterande)	E	–	☐
Teikningar plan, snitt, fasade (ny)	E	–	☐
Uttale/vedtak frå anna myndigheit SAK10 § 6-2 og pbl § 21-5	I	–	☐
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	–	☐
Andre vedlegg	Q	–	☐

Erklæring og underskrift		
Tiltakshavar		
Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltaket ift. plan- og bygningslova (pbl), byggteknisk forskrift og gitt løyve.		
Namn PER ARNE LEGØY	Telefon (dagtid)	Mobiltelefon 94811331
Adresse SKJENABERG 5	Postnr. 5430	Poststad BREMNES
Dato 09.02.2017	Underskrift 	
E-post per.arne.legoy@haugnett.no		
Gjenta med blokkbokstavar PER ARNE LEGØY		Eventuelt organisasjonsnr.

Rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknadspliktige tiltak etter pbl § 20-1 bokstav m

Vedlegg J:	Kommunens sak-/journalnr.	Oppdragsnr.
---------------	---------------------------	-------------

Eiendom, byggested			
Gnr. 144	Bnr. 11	Festenr.	Seksjonsnr.
Adresse		Postnr.	Poststed

Oppretting av matrikkelenhet	☒ Grunneiendom	☐ Anleggseiendom	☐ Festegrunn over 10 år	☐ Arealoverføring
-------------------------------------	--	---	--	--

Saksbehandling	
☒ A. Rekvisisjon av oppmålingsforretning ved opprettelse eller endring av matrikkelenhet. ☐ B. Utsettelse av oppmålingsforretning etter pbl § 21-9 siste ledd. ☐ C. Søknad om matrikulering med utsatt oppmålingsforretning (jf. matrikkeloven § 6 andre ledd, forskriften § 25). Kommunen setter en frist for når oppmålingsforretningen skal være fullført (fristen er maksimalt 2 år fra tillatelsesdato).	
Ønsket dato for forretningen i C:	
Kommentarer til avkrysningene A og B med begrunnelse for søknad i pkt. C	

Underskrift/Fakturaadresse *			
Registrert eier/fester Per Arne Legøy			
Fakturaadresse Skjona berg 5		Postnr. 5430	Poststed Bremnes
Ev. org.nr.	Telefon 94811331	Faks	E-postadresse per.arne.legoy@haugseth.no
Sted Bremnes	Dato 07.02.17	Underskrift Per Arne Legøy	

* Gjelder tiltaket/forretningen "arealoverføring", underskriver andre aktuelle parter på side 2

Veiledning i bruk av rekvisisjon for søknadspliktige tiltak	
Sakstype A	Utfylt rekvisisjon vedlegges byggesøknaden (vedlegg J) i underskrevet stand. Avkrysning for sakstype A medfører iverksetting av arbeid med oppmålingsforretning fra det tidspunkt tillatelse om oppretting eller endring av matrikkelenhet etter pbl § 20-1 pkt. m gis og/eller at vedtatt forhåndsbetalt gebyr er betalt. Det kan etter matrikkeloven § 35 avtales matrikulering ut over leveringstide på 16 uker, men ikke lengre enn 2 år. Oppmålingsforretningen tar utgangspunkt i relevante saksdokumenter fra byggesaken.
Sakstype B	Utfylt rekvisisjon vedlegges byggesøknaden (vedlegg J) i underskrevet stand. Avkrysning for sakstype B medfører at iverksetting av arbeid med oppmålingsforretning, ut fra søkers valg jf. pbl § 21-9, utsettes i inntil tre år fra det tidspunkt tillatelse etter pbl § 20-1 pkt. m gis. Oppmålingsforretningen tar utgangspunkt i de relevante saksdokumentene fra byggesaken. På det tidspunkt rekvisisjonen ønskes å iverksette oppmålingsforretning, må en kopi av rekvisisjonen, med ønsket iverksettingstidspunkt, saks- og journalnummer samt rekvisitens adresse og underskrift, påføres rekvisisjonen og sendes inn til kommunen på nytt med avkrysning i boks A. NB! Ved oversittelse av fristen jf. pbl § 21-9 siste ledd, faller tillatelsen etter pbl § 20-1 bokstav m bort.
Sakstype C	Utfylt rekvisisjon vedlegges byggesøknaden (vedlegg J) i underskrevet stand. Avkrysning for sakstype C innebærer at rekvisisjonen samtidig med søknad om opprettelse eller endring av matrikkelenhet etter plan- og bygningsloven, søker om matrikkelføring med utsettelse av oppmålingsforretning etter matrikkelovens § 6 med tilhørende forskrift § 25, i inntil 10 år. NB! Kommunen er ansvarlig for iverksetting av oppmålingsforretningen når fristen utløper.

1. Rekvisisjonen gjelder oppretting eller endring av følgende matrikkelenhet(er)

Gnr./Bnr./Festnr.	Eiendommens adresse	Postnr.	Poststed	Underskrift registrert eier
144/11				

2. spesifikasjon av matrikkelenhet(er) som søkes opprettet

[illegible]

